



«Mottakernavn»

Saksbehandlar, innvalstelefon

«Adresse»

Olav Overvoll, 5557 2315

«Postnr» «Poststed»

## Høyring: Forskrift om utvida jakttid på grågås i Bømlo kommune

**Statsforvaltaren i Vestland føreslår utvida jakttid for grågås i Bømlo kommune. Jakttida blir foreslått framskunda med 20 dagar, dvs. frå og med den 21. juli og fram til ordinær jakttstart den 10. august. Høyringsfrist er sett til 13. juni 2025.**

### Bakgrunn

Norge har ein livskraftig bestand av grågås, og mange stader fører beitande gjess til store skader på avling. Dette gjer seg òg gjeldande i Vestland, sjølv om flokkane hos oss er langt frå like store som i dei typiske rasteområda i Nordland, Trøndelag og på Jæren, der flokkane under hausttrekket kan omfatte fleire tusen gjess. Men gardsbruka i Vestland er små, og for den enkelte bonden kan sjølv mindre gåseflokkar gjere skade på ein stor del av avlinga.

Også Bømlo kommune har utfordringar knytt til beitande gjess på innmark, og har på bakgrunn av dette fått utarbeidd ein kommunal forvaltingsplan for grågås (Vedlegg 1). Ordinær jakttid for grågås er 10. august – 23. desember, men fordi hausttrekket startar i juli månad, har mange av gjessene i distriktet trekt sørover før ordinær jakttid startar. Bømlo kommune ønskjer difor utvida jakttid på grågås.

### Kommunal forvaltingsplan

Ein communal forvaltningsplan er eit viktig verktøy for forvaltninga av gjess. Denne må, sjølv sagt, vere i samsvar med den fylkesvise forvaltingsplanen og gjeldande lovverk. Forvaltingsplanen bør oppdaterast jamleg, med nye teljingar og bestandsestimat, og med oppdatert oversikt over geografiske problemområde/skadeområde.

Forvaltingsplan for grågås i Bømlo kommune vart godkjent i juli 2024 (vedlegg 2). Bestandstala som ligg til grunn for forvaltingsplanen for grågås i Bømlo er i hovudsak frå 2019, men på bakgrunn av signal frå grunneigarar både i Bømlo og andre kommunar i distriket, og andre kjelder, er det ikkje grunn til å tru at utfordringa med beitande gjess på innmark har blitt mindre dei seinare åra.



## Lovheimel

Statsforvaltaren har delegert myndighet til å opne for jakt på grågås inntil 20 dagar før ordinær jaktstart, dersom det føreligg ein godkjent, kommunal forvaltingsplan for gås, jf. Forskrift om jakt- og fangsttider.

## Statsforvaltaren si vurdering

Bømlo kommune har godkjend forvaltingsplan for grågås. Med bakgrunn i bestandsstatus for grågås og avlingsskadar ved fleire gardsbruk i Bømlo kommune, meiner Statsforvaltaren at tidleg jaktstart kan vere eit aktuelt førebyggande og konfliktdeempande verkemiddel. Vi foreslår derfor utvida jakttid som vil gjelde frå og med den 21. juli til og med den 9. august. Forslag til forskrift er gitt i Vedlegg 3.

## Vurdering av miljørettsprinsippa (nml §§ 8-12)

Jf. naturmangfaldlova § 7, skal prinsippa i §§ 8 - 12 leggast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde. Kunnskapen om grågåsbestanden, både lokalt og regionalt på Vestlandet, er etter vårt vurdering god (jf. nml. § 8 om kunnskapsgrunnlaget). Bestanden har lenge vore aukande i ytre og midtre delar av fylket. Føre-var-prinsippet (§ 9) ser vi ikkje som relevant, sidan det er ikkje risiko for alvorleg eller irreversibel skade på naturmangfaldet. Utvida jakt og eggsanking vil rette seg mot ein art som har ein sterk og livskraftig bestand, og vil ikkje føre til negativ samla belastning på økosystemet, jf. § 10. § 11 – om kostnadane ved miljøforringing – er lite relevant i denne samanhengen. Jakta skal gå føre seg med velkjende, lovlege metodar, og er slik sett i tråd med § 12.

Eventuelle merknadar til forskrift om utvida jakttid for grågås i Bømlo kommune, kan sendast til [sfvpost@statsforvalteren.no](mailto:sfvpost@statsforvalteren.no).

Høyringsfristen er sett til 13. juni 2025.

Med helsing

Hermund Mjelstad  
seniorrådgjevar

Olav Overvoll  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

## Mottakarliste:

Bømlo kommune  
Birdlife Norge  
Forum for Natur og Friluftsliv Hordaland  
Hordaland bonde- og småbrukarlag  
Norges Jeger- og Fisker forbund  
NOAH  
Vestland Bondelag  
Vestland fylkeskommune